



Bjarne Lilleaas klar for ny tur til Shetland.

**I dag tidleg starta seglasen for mannskapet på to seglbåtar frå Uskedalen. Det er Reidar Myklebust med VILJA og Bjarne Lilleaas med FATUHIVA. I skrivande stund var dei på veg gjennom Laukhammarsund, på seglas mot kysten for å gå ut ved Slåtterøy fyr ved Brandasund. Seglarane har tilsaman eit mannskap på 8 mann, mange med fartstid frå kryssing av Nordsjøen før.**

Med lagleg ver tek turen til Shetland frå kyst til kyst i underkant av 40 timar. Ein reknar med å vera framme i Lervick natt til torsdag. På Shetland vert det sett av tid til biltur og synfaring på hovudøya Mainland. Alle tek sjølvstekt turen til Scalloway der nordmenn frå englandsfarten hadde sin base med St. Olav slip og gjestehus. Eit eige krigsmuseum og minnesmerke fotel denne historia på ein god måte.

Det er fyrste gongen Reidar Myklebust er på langtur med sin seglbåt. Med seg har han Kåre K. Rød og Leif Jarle Bergstø, begge med stor kunnskap om segling, motor og farty. Seglbåten VILJA er 34 fot.

Bjarne Lilleaas er ein røynd seglar med nær på 25 turar over Nordsjøen. FATUHIVA er 38 fot og vart brukt på den lange reisa til Karibien via Portugal og Gran Canaria i 2005/2006. Bjarne Lilleaas har mest kvart år lagt inn ein tur til Shetland eller Orkenøyane.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Magne Huglen og Reidar Myklebust. Huglen vil møte seglarane på Shetland. ( Arkivfoto frå ein tur til Huglo 2016 )